



OSELVARKLUBBEN

Referat frå årsmøte i Oselvarklubben 24. april 2022

Årsmøte i Oselvarklubben for 2022 vart halde i kaféen i Hordamuseet søndag 24. april 2022.
Tilstades: 10 frammøtte, alle godkjende medlemmer.
Leiar Finn Totland opna årsmøtet kl. 17.30 og ynskte dei frammøtte vel møtt.

A. Godkjenning av frammøtte medlemmer

Alle dei frammøtte var godkjente medlemmer av Oselvarklubben.
Petter Strømme hadde med fullmakt på vegner av Hjellestad Seilforening og Milde Båtlag.
Knut Ove Gjersvik hadde med fullmakt på vegner av Båtlaget Njord/Tysnes.
Kjell Magnus Økland hadde med fullmakt på vegner av Ran Seilforening.

B. Godkjenning av innkallinga

Det var ingen merknader til innkallinga

C. Sakliste:

Sak 1. Årsmelding for 2019, 2020 og 2021

Finn Totland gjekk i gjennom delar av årsmeldingane Det vart halde eitt minutt stille markering for bortkomne medlemmer sidan førre årsmøte.

Det var ingen merknader til årsmeldingane og desse vart godkjent. Det vart også gitt ros til styret for grundig oppsummering i årsmeldingane.

Sak 2. Årsregnskap

2.1 Årsregnskap 2019

2.2 Årsregnskap 2020

2.3 Årsregnskap 2021

Det vart lese opp brev frå revisor som konkluderte med at dei framlagde rekneskapa gav eit korrekt bilete av Oselvarklubbens økonomi og at rekneskapan for 2019, 2020 og 2021 kunne tilråast godkjent.

Årsrekneskapa for 2019, 2020 og 2021 vart så samrøystes vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

Sak 3. Eventuelle endringar av klassereglane

Det var ingen innkomne saker til handsaming.

Sak 4. innkomne framlegg

4.1 Saker frå styret i Oselvarklubben

4.1.1 Endring i Lover for Oselvarklubben.

Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke. Ny setning i § 6 i Oselvarklubben sine lover lyder dermed *Årsmøtet holdes minst en gang årlig, innen utgangen av mars, og skal innkalles med minst 2 ukers varsel.*

4.1.2 Medlemskontingent

Det vart samrøystes vedteke å halda medlemskontingenten uendra, dvs. båteigarar kr. 250 og ikkje-båteigarar kr. 200.

4.1.3 Oselvarklubben – hjemmeside på internett

Nytt styre får fridom til å etablere ny heimeside for Oselvarklubben med domenenamnet www.oselvarklubben.no

4.1.4 Arkiv for Oselvarklubbens materiale

Det er inngått munnleg avtale med fylkesarkivet om plassering av arkivmaterialet til Oselvarklubben der. Målsetjingane med dette er

- a) sikra trygg lagring
- b) orden og godt system
- c) digitalisering
- d) formidling

Det nye styret får fullmakt til å føra dialogen med fylkesarkivet vidare. Samrøystes vedteke.

4.1.5 Regatta-arrangement for 2022 og NM 2023 og 2024

Milde Båtlag sin sumarregatta, 18–19. juni, Fanafjorden. Spri, klasse K og Klasse E.

Båtlaget Njord/Tysnes sin sumarregatta, Tysnes, 2–3. juli, Spri og klasse K (KM).

Bergens Seilforening arrangerer NM for Oselvar – Oselvarklubben sjekkar med arrangøren om ein kan endra dato frå 13-14. august til 20-21. august. Då feirar BS sitt 150-årsjubileum og dette vil vera eit fint høve til å visa fram båttypen som var med på starten av den organiserte seglsporten i Bergen.

Oselvartrim VÅR og HAUST, mandager kl. 18:45, mai – juni, aug. – sept.

Båtlaget Njord/Tysnes, Oselvar-NM 2023, 12–13. august på Tysnes

Milde Båtlag, Oselvar-NM 2024 – ikkje stadfesta frå Milde Båtlag enda.

4.2 Saker frå medlemmer

4.2.1 «Ei heilskapleg satsing på Oselvaren»

Lars Grøteide gjorde kort greie for sitt framlegg. Etter litt drøfting vart summen i styret sitt framlegg endra til 20 000 kr og fylgjande framlegg vart samrøystes vedteke:

Oselvarklubben sitt årsmøte positiv til framlegget med formål å få til auka satsing på bruk av Oselvaren. Oselvarklubben set av kr 20 000 på budsjettet for 2022 som støtte til prosjektet. Oselvarklubben vil også bidra med representant i interim-styret og seinere som styremedlem.

Sak. 5. Valg

Styret hadde innstilt på attval. Årsmøtet peika på at det sakna ein valkomité. Svein Økland forlét årsmøtet for å nå ferja, men ynskte ikkje å vera med vidare som styremedlem. Lars Grøteide kom med framlegg om Petter Strømme som ny leiar. Det vart gjort krav om skriftleg avrøysting på ny leiar mellom dei to leiarframlegga Petter Strømme og Finn Totland. Knut-Ove Gjersvik og Kjell Milde vart utpeikt som teljekorps og voteringa viste at Petter Strømme fekk 9 stemmer og Finn Totland fekk 4 stemmer. Det nye styret styret fekk såleis fylgjande samansetning:


Styret:	Leiar:	Petter Strømme
	Nestleiar:	Kristian Holst
	Skrivar:	Kjell Magnus Økland
	Kasserar:	Kjell Milde
	Styremedlem:	Lars Grøteide
	Styremedlem:	Kjell Totland
	Varamedlem:	Stein Olav Drange

Revisor: Egil T. Pedersen


Etter valet vart avtroppande leiar, Finn Totland, heidra med varm applaus for sin mangeårige innsats for Oselvarklubben.

Årsmøtet vart heva kl. 19.45


Petedalsheia 77, 24. april 2022



Kjell Magnus Økland
Skrivar, Oselvarklubben



Nils-Ove Nipen



Knut-Ove Gjersvik